

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 2 JUNI 2022 80. ÅRGANG



*God sommer*





DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80

www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Prostiprest: Runar Matsui-Li

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye  
(Førde og Jølster)

Ass. kyrkjevevjerje: Trond Herlø Sund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og  
Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:

Terje Sæle og Leonard Subrescu

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Leonard Subrescu

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjjetenar: Leonard

Subrescu (Førde og Naustdal) og

Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

## Nytt frå redaksjonen

Det er krig i Europa. Vi får høyre om ufattelige lidingar. Flyktningar. Matvarekrise.

Mange har nok tenkt tanken: «Kva kan eg gjere?» Uansett kor lenge krigen varer, vil det vere behov for frivillig innsats lenge. Det kjem flyktningar til Sunnfjord, frå Ukraina og andre land, og dei vil trenge hjelp. Det er mange måtar å bidra på: Skape møteplassar, hente og bringe, koke kaffi, eller gi økonomisk støtte.

2022 er «Frivilligåret». I Sunnfjord gjer både kommunen, kyrkja og frivillige organisasjonar eit stort arbeid for å skape aktivitetar og møteplassar for innbyggjarar og for flyktningar. Mykje skjer i godt samarbeid mellom frivillige og tilsette: Besøksteneste, 10-kaffien på Førde kyrkjetun, sorggrupper, onsdagstur og Spi-

ren. I Naustdal fungerer Kyrkjelydshuset som ein god møteplass, basert på frivillig innsats.

«Kva er diakoni?» - spør vi om i dette nummeret. Kyrkja har nokre begrep som kan trenge forklaring. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Kva det inneber, kan du lese meir om i bladet.

Trykkeriet Husabø Prenteverk på Leikanger, som har trykt Helg og Heim dei siste åra, legg ned verksemda. Frå og med dette nummeret, blir Helg og Heim trykt av Printfarm i Øvre Årdal.

I dette nummeret ligg det ved ein giro. Formgjeving, trykking og distribusjon kostar, og vi er heilt avhengig av bladpen-gane. Takk til alle som betalar for bladet!

*God sommar!*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokne-råda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

#### Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

## Hugs bladpengar!

Frivillig bladkontingent  
**kr. 290,-**

Bankkonto:  
**3705.15.33896**

Merk innbetaling  
med «Helg og Heim».

VIPPS:  
Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

## Utgjevingsplan 2022

#### Nr. 3.

Stofffrist: Onsdag 17.08.

I posten veke 38

#### Nr. 4.

Stofffrist: Onsdag 19.10.

I posten veke 47

Det kan

komme endringar



**Framsdebilde:** Humle og sommarfugl i fredeleg samvær på ei solsikke, blo-men som vi no kjenner som symbolet for Ukraina. I kristen tradisjon er sommer-fuglen eit symbol for oppstode, liv og håp.

Det er registrert over 2250 artar av sommarfuglar i Norge. Dette er ein admiral-sommarfugl (Vanessa atalanta). Den trekker, og brukar ei veke på å fly frå Middelhavet til Norge. Vi har 35 humlearter i Norge. Både sommarfuglar og humler er viktige pollinatorar, og utan dei blir det lite mat på bordet. Foto: Hanne Schnitler

## TIL ETTERTANKE

Tekst: EINAR SKUDAL, tidlagare sjukehusprest

# *Mine tider er i Guds hand*

I mange år heldt eg andakt i ei daglegstove på sjukehuset. Ei kvinne frå Aust-Europa var nokre gonger til stades på desse samlingane. Då ho kom i døra, såg ho seg rundt i rommet og sa på ein stillferdig måte: Jesus velsigne dere.

Eg hugsar framleis at det gode fylte rommet ved desse orda. Kvinna søkte ikkje merksemd eller ville ha ein stor plass ved å helse alle på denne måten. Men frå hennar indre kom ord, ei velsigning, som gav fred til oss som var der.

Eg kjende henne ikkje, men ho kom fram i minnet då ein rabbinar i Ukraina bad sine landsmenn å lese Salme 31 i Bibelen. Dei første orda i salmen lyder:

*Herre, eg søker tilflukt hos deg,  
lat meg aldri bli til skamme!*

Ved å lese vidare skjønar vi fort at den som ber denne bøna har det vanskeleg. Han fortel om naud, bitter sorg, angst, at styrken sviktar og om redsle på alle kan-  
tar. Samstundes søker han tilflukt hos Gud og seier til han: Du er mitt fjell og mi borg.

Når nokre møtest til ærleg samtale, vil det verte synleg at livet har mange sider. Berre eitt menneske kan oppleve eit ufatteleg mangfald av godt og vondt. Eitt liv kan sanneleg romme mykje. Berre lytt til han som står fram i Salme 31. Han fortel om si levetid i fleirtal. For han handlar livet om «mine tider». Og så samlar han alle erfaringar av godt og vanskeleg, og seier til Gud: Mine tider er i di hand.

Stundom skin det gjennom at han kjempar med denne tilliten. Burde ikkje eit liv som er i Guds hand vere betre? Kan ein vere trygg når åra er prega av sorg og uro? Kunne ikkje slike erfaringar tyde på at han har falle ut av den handa? Får han det ikkje betre ved å søkje tilflukt hos Gud?

Han legg det heile ope fram. Vi skjønar at han har det ikkje lett. Tilflukta hos Gud gjer ikkje slutt på alle påkjenningar. Tilliten til Gud gjer ikkje livet lett og problemfritt.

*Men eg set mi lit til deg, Herre,  
eg seier: «Du er min Gud.»  
Mine tider er i di hand.*

Eg minnest kvinna som stod i døra med dei fine orda: Jesus velsigne dere. Ho var komen dit fordi ho var sjuk. Og ingen var i tvil om at ho ville det beste for sine



ukjende medpasientar. Ho hadde ikkje behov for å seie meir om trua og livet.

Mange år seinare er det tydeleg for meg: Ho hadde søkt tilflukt hos Gud. Difor var hennar ord truverdige for oss som sat i daglegstova på sjukehuset. Og vi vart alle velsigna.

# Fest i fastetida

På Maria Bodskapsdag søndag 27. mars var det festgudsteneste i Førde kyrkje. Dette var kanskje den første gudstenesta der kyrkja var omlag fullsett etter to år med koronarestriksjonar.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

To kor, leia av Gro Gunnarson, var med og ga oss ei etterlengta musikalsk oppleving; jentene frå Korskulen song saman med Førde kyrkjekor, med Inger Hageberg Øvrebø på trompet. Jentene imponerte med klare røyster og flotte songar. Og kyrkjekoret hadde visst to års inne-stengt songglede som måtte ut. Takk for opplevinga!

Denne søndagen vart Anita Øvreås Rusken innsett som diakon. Soknerådsleiar Bjørn-Harald Haugsvær las opp innsetjingsbrevet frå biskop Halvor Nordhaug, og den nyinnsette diakonen fekk halde preika. Ho snakka om det sårbare og det vanskelege som Maria, ung og gravid, måtte kjenne på.

Dette var siste gudstenesta for kantor Miguel Espinoza Chavez. Han tar til i ny stilling som kantor i Gjerdrum.



Jentene frå Korskulen fekk synge saman med Førde kyrkjekor.

På årsmøtet etter gudstenesta fekk den nyinnsette diakonen blommar frå soknerådet, og kantor Miguel Espinoza Chavez vart takka av for tenesta han har hatt i Sunnfjord.

Kyrkjekoret hadde meir å bidra med. Dei hadde øvd inn eit latin-amerikansk stykke som avskjedsnummer for avtroppande kantor Miguel.



Førde Kyrkjekor med avtroppande kantor Miguel Espinoza Chavez på trommer.



Blommar frå soknerådsleiar Bjørn-Harald Haugsvær til nyinnsett diakon Anita Øvreås Rusken.





– Diakon Anita Øvreås Rusken og diakoniarbeidar Ingvar Vagstad. Foto: Hanne Schmitler

# Diakoni – kva er det?

«Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorgen for naboen til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom».

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Teksten over er henta frå nettsida til Den norske kyrkja. Frå kvardagsleg omsorg til klimarettferd og nedkjemping av fattigdom – det verkar som uoverkommelege oppgåver. Vi ber diakon Anita Øvreås Rusken og diakoniarbeidar Ingvar Vagstad forklare kva diakoni er.

– Anita og Ingvar, kva er diakoni?

– Skal vi ta den offisielle eller den folkelege forklaringa? spør Ingvar. – Diakoni

er praksissida av den kristne trua. Korleis vi lever. Korleis vi viser omsorg for kvarandre. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Ordet kjem frå gresk og tyder «teneste». Men det betyr ikkje nødvendigvis at ein er givar og ein annan er mottakar. Det er ikkje ein ovanfrå-og-ned-tankegang. I eit inkluderande fellesskap har alle behov for å ta i mot og bli sett, og alle har noko å gje. Omsorg og nestekjærleik byggjer på likeverd, respekt og gjensidigheit. Vi skal tene kvarandre på same måte som Jesus tente oss då han bøygde seg ned for å vaske føtene til læresveinane.

## Trua er med i det vi gjer

– Skal ikkje kyrkja forkynne og formidle det som står i Bibelen? Er ikkje orda det viktigaste?

– Kyrkja i handling, om nødvendig med ord; det er ein omskriving av Frans av Assisi sine ord, «Forkynn evangeliet

– om nødvendig med ord», seier Anita. Det handlar om å leve livet ved å følge Jesu eksempel: «Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg» (Matt. 25.40). Vi skal vise omsorg, bygge fellesskap og minske einsemd. Sjølv om vi ikkje forkynner med ord, er trua med i det vi gjer. Kyrkja skal vere diakonal, og diakoni er ein integrert del av identiteten og oppdraget til kyrkja.

## Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

– Diakonien er delt i fire områder, forklarer Anita:

– Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Diakoni er eit fagfelt, vi har ein nasjonal plan og våre egne lokale planar. Der har vi sett opp mål for kva vi skal gjere. Under punktet «Neste-



## TEMA: DIAKONI



– På onsdagstur. Denne gongen gjekk turen til Åsedalen i Naustdal. Foto: Ingvar Vagstad

kjærleik» har vi sett opp tiltak der vi skaper møteplassar, som å ha kvardagsmesse med kveldsmat. Besøkeneste, sorggrupper og «Kyrkja i byen», der vi er tilgjengelege på «Skywalken», er med her. Julafta på Førde kyrkjetun, der mange frivillige er med, kjenner mange til. Og til hausten vil vi starte opp att «Søndag for alle» med måltid, lek og

gudsteneste lagt tilrette for barnefamiljar. Det tiltaket har vore sakna.

Ingvar: – Vi har 10-kaffien på Førde kyrkjetun og turgruppa kvar onsdag, begge er gode inkluderande fellesskap der vi samarbeider med Frivilligsentralen og Førde ressurscenter. Andakten på Førde Omsorgssenter kvar torsdag må vi óg nemne. Så har vi vern om skaparverket. Vi feirar Skaparverkets dag med bygudsteneste ute, vi har sykkel-dugnad og andre arrangement. Vi er jo ein «Grøn kyrkjelyd». Like viktig som arrangement, er korleis vi formidlar respekt for skaparverket gjennom korleis vi lever, og gjennom det vi formidlar til konfirmantar, i trusopplæringa og i gudstenestene.

– Når det gjeld «Kampen for rettferd» må vi nemne Fasteaksjonen, der konfirmantane samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Den innsatsen konfirmantane gjer er ikkje liten. – Ikkje gløym misjonsprosjekta vi støtter, seier Anita. Det er stort engasjement i kyrkjelyden for å støtte ulike tiltak i Mali, kyrkjelydsbyggjande arbeid i Estland og KAMAAM folkehøgskule på Sri Lanka.

– Kor går grensa mellom diakoni og anna kyrkjeleg arbeid?

Ingvar forklarar: – Diakonien står på eigne bein. Men den er samtidig integrert i alt arbeid i kyrkja. Det er som ei blautkake, du kan dele ei kake i stykkjar og seie at dette stykkje er gudstenestene og dette er trusopplæringa. Men diakonien er fyllet som gir smak til heile kaka. I gudstenesta må du leggje tilrette for at alle kan delta, om dei sit i rullestol, brukar teleslynge eller ser dårleg og treng salmebok med stor skrift. I barne- og ungdomsarbeidet må ein sørgje for at alle kjenner seg velkomne. Den diakonale tankegangen gjennomsyrrer alt.

### Kyrkje for alle

– Er vi kyrkja for dei vellukka?

Ingvar svarar tilbake med eit spørsmål: – Klarer vi å få alle til å kjenne seg velkomne? – Ta til dømes Spiren. Spiren er eit trusopplæringstiltak for dei minste. Men det fungerer også som eit diakonalt tiltak, der nybakte foreldre blir sitjande å prate om felles utfordringar. Men dei som verkeleg slit med foreldrerollen, kjem dei på Spiren? Kan vi få terskelen lågare?

– Vi er eit fellesskap, alle er både svake og sterke, vi er avhengige av kvarandre. Alle har same verdi, alle kan bidra. Kyrkja er ikkje for dei perfekte. Den skal vere for alle.



– Fleire diakonale tiltak skjer i samarbeid med Friskliv- og frivilligsenteret, der Kari Valle og Ellen Hugøy styrer ein stab av frivillige. No er dei med og koordinerer tiltak for flyktningar. Foto: Hanne Schmitler





– «Spiren» – eit trusoppleringstilbod for dei minste, og eit diakonalt møtepunkt for born og foreldre. Foto: Anita Øvreås Rusken



– «Spiren» gir høve til ein god prat. Birgitte Bjaanes med Ulrik, Ester Marin med Elisa, Silje Austefjord med Lina, Sigrid Laache med Aksel og Katrine Osland med Sverre. Foto: Hanne Schnitler

### Frivillige

– Vi er inne i Frivilligåret.

– Ja, og det meste vi gjer er i samarbeid med frivillige. Mykje skjer òg i samarbeid med andre organisasjonar og med kommunen og det offentlege. Samarbeid med frivillige og med andre instansar er vi heilt avhengige av. No diskuterer vi kva vi kan gjere for flyktingar. Her kan vi ikkje setje i gang tiltak utan at det skjer i samarbeid med andre. Kanskje er det fleire som kan tenkje seg å bidra som frivillig? Anita, som er frivilligkoordinator, vil gjerne at fleire melder seg.

### Onsdagsturen

– Ingvar, du nemnde Onsdagsturen. Kva slags tiltak er det?

– Kvar onsdag mellom 11.30 og 14.00

går ei gruppe på 10-20 personar tur i og rundt Førde. Dette er eit samarbeidstiltak med Ressurssenteret som har halde på i mange år. Det er ope for alle. Vi har med kaffi og praten går livleg om alle slags tema. Få stader finn du større fotballkunnskap. Nokre tek ein vaffel på 10-kaffen før turen. Eit trivelig fellesskap med plass til fleire.

– Det kjem flyktingar frå Ukraina no. Kva tilbod har kyrkja til dei?

– Alt må skje i samarbeid med kommunen og andre organisasjonar, seier Anita. Vi set ikkje i gang nye tiltak, men vil opne opp for flyktingar i dei tiltaka vi har. «Spiren» er ein god møteplass for småbarnsforeldre i permisjon. Vi vil prøve å halde på lenger utover sommaren

dersom det kjem mødre med små barn. Vi har tolkeanlegg i kyrkja, og vi har hatt periodar der gudstenester har vore tolka til engelsk. Så vil vi kjøpe inn biblar på ukrainsk. Vi kan og opne kyrkja for dei som ønskjer å ha ei stille stund. – No i april har vi økumenisk kveldsbøn for fred, seier Ingvar. – Det kan nok bli fleire slike økumeniske samlingar.

Anita og Ingvar manglar ikkje oppgåver. Dei har heldigvis mange frivillige med på laget. I mai vil dei saman med resten av staben, lage til ei tilstelling for uløna medarbeidarar. – Eg har ei liste med over 100 namn, seier ho. – Eg håper eg ikkje overser nokon, for vi set like stor pris på alt som blir gjort, om det er mykje eller lite. Å sjå kvarandre og ha tid til kvarandre er jo det som betyr noko.



Bufetat

**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

[fosterheim.no](https://fosterheim.no)

## TEMA: DIAKONI



Utdeling av gevinstar med Ellen Hugøy og Ingvar Vagstad.

## Alle likar basar!

Ungdomslokalet på Førde kyrkjetun var i alle fall smekk fullt då 10-kaffien skulle ha sin årlege basar ein onsdag føremiddag i april.

Tekst og foto:  
HANNE SCHNITLER

Gevinstar i rikelege mengder kom frå butikkar og lokalt næringsliv, slik det brukar å gjere. Kristin Løset solgte kaffi og vaflar, som ho brukar å gjere på onsdagskafeen. Ho er trufast deltakarar og medhjelpar på 10-kaffien kvar onsdag.

10-kaffien er eit av tiltaka som skjer i samarbeid mellom Førde kyrkje og

Friskliv- og frivilligsenteret i Førde. Pensjonistar og andre har funne seg ein uformell møteplass her. Dei som skal på onsdagstur tar gjerne ein vaffel før dei skal på tur. Kaffi og vaflar er standard meny, og det har det vært i 15 år.

Denne dagen var det Ellen Hugøy frå Friskliv- og frivilligsenteret som sto for loddsalet, og diakoniarbeidar Ingvar Vagstad koste seg som premieutdelar. Kaffi, godlukt, gryteklutar og rosa crocs vart delt ut saman med vittige kommentarar, og skapte høg trivselsfaktor.

**Kafeen er open for alle kl 10.00 – 12.00.**

Det blir feriestengt ein periode, men startar opp att i august.



Kristin Løset likar seg på basar. Her viser ho fram gevinstar til inntekt for Kirkens Nødhjelp.



Torill Hukset og Valentina Rubnikova frå Frivilligsentralen i Naustdal kom for å hjelpe til på kjøkenet.



Inger Hageberg Øvrebø sluttar i stillinga som kyrkjevevjerje i Sunnfjord.

## Ny kyrkjevevjerje

Inger Hageberg Øvrebø sluttar i stillinga som kyrkjevevjerje 31. mai. Ho går over i ny stilling i Lotteritilsynet. Fellestrådet takkar Inger for innsatsen ho har gjort for kyrkja i Sunnfjord.

**Sissel Vartdal** er tilsett som ny kyrkjevevjerje i Sunnfjord fellestråd, og har takka ja til stillinga.

Sissel er frå Vartdal på Sunnmøre, og er no busett i Bergen. Ho har ei solid universitetsutdanning, og brei erfaring med ulike leiarrollar i den Norske kyrkja. Mellom anna har ho vore kyrkjevevjerje i Fjell, og personalsjef i Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet.

Sissel Vartdal er på plass ved kontoret i Førde, når Inger takkar for seg no i slutten av mai.


Helg og Heim kjem med ein breiare presentasjon av den nye kyrkjevevjerjen i Sunnfjord i neste utgåve.

*Nils Gjerland, leiar i Sunnfjord kyrkjelege fellestråd*



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!



fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?

Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde





Oda Steiro og Oddrun Bruland er to av dei frivillige hos NMS Gjenbruk. Foto: Hanne Schnitler

## Gjenbruk gjennom meir enn 15 år

Når Helg og Heim har diakoni som tema, måtte vi ha eit besøk på Gjenbruksbutikken til NMS (Det norske misjonsselskap). Her er både trivsel og miljø i fokus.

Styreleiar i NMS Gjenbruk, Kjell Skaaheim, har her intervjuet seg sjølv om kva som skjer i butikken.

Tekst: KJELL SKAAHEIM

### Gjenbruk er populært

I ei tid då utnytting av ressursane og gjenbruk er blitt stadig meir populært, har NMS Gjenbruk i Førde drive butikk i Elvevegen i meir enn 15 år. Interesse hos kundane har vore stor heile tida, og omsetjinga har auka nesten kvart år.

Vi var innom butikken ein dag, og fann fleire pensjonistar i gang ved kassa, og med ryd-

ding og prising av varer. Vi trefte på styreleiar Kjell Skaaheim, og vi spør han kva varer dei sel i butikken.

– Spør heller kva varer vi ikkje sel. Butikken sel nesten alt utanom klede, og har to avdelingar. Her i hovedbutikken finn du alt av bilete, pynt, kjøkenutstyr, servise, dukar, lamper, bøker og lys m.m.

– *Kvifor sel de ikkje klede?*

– Nei, det blir for krevjande, både på grunn av plassen og med klargjering, så det må sendast til Fretex eller andre organisasjonar som tar imot.

– *Kjøper de ein del av varene?*

– Nei, det har vi ikkje lov til. Alt blir gitt gratis.

– *Kor mange er det som arbeider her?*

– Det varierer litt, men ca 35 pensjonistar er i gang her ein eller fleire dagar i veka.

– *Er det godt betalt?*

– Nei, dette er gratisarbeid, og det gjer at vi har ein stor nettosum som går til misjons-

arbeid. Det norske Misjonsselskap som eig butikken, har arbeid i mange land som Estland, England, Frankrike, Spania, Mali, Kamerun, Madagaskar, Etiopia Midtøsten, Pakistan, Sør-Afrika, Japan, Kina og Brasil.

### Misjon – Møteplass - Miljø

– Mange trur at misjonsarbeid berre går ut på forkynning, men oppgåvene er mange, og dei ulike landa har ofte ulike behov. Det kan vere å spreie kristen litteratur, leiartrening, helsearbeid, opplæring, utdanning og diakonalt arbeid.

NMS Gjenbruk har tre M-ar som symbol: Misjon – Møteplass – Miljø. Misjonsarbeidet står sjølvsagt i fokus, men det er mange som kjem innom for ein kopp kaffi og ein prat i kaffikroken.

### Møbelavdelinga

I huset ved sida av finn vi ei stor møbelavdeling og vi tar turen

innom her og. I dag er det Helge Naustdal som styrer butikken. Møblane dekkjer ei flate på meir enn 400 m<sup>2</sup>, og viser fort at her kan du, for ein rimeleg penge møblere eit heilt hus om du ønskjer.

– Butikken har eigen varebil, så vi kan både hente varer og køyre ut til dei som ikkje har høve til å transportere sjølv, seier Naustdal.

### Kanskje du kan tenkje deg å arbeide her?

Sjølv om mange tar ei tak i gjenbruksbutikken, er det trong for fleire, for betre å kunne fordele arbeidsøktene. Kanskje du kan tenkje deg å arbeide her?

Du treng ikkje binde deg til faste dagar om det er vanskeleg, og du kan langt på veg bestemme arbeidsoppgåvene sjølv.

Ta ein telefon til styreleiar Kjell Skaaheim tlf. 958 01 393, eller Hjørdis Birkeland tlf. 416 99 177.



# Panneband av strømpebu

Naustdal kyrkjelydshus er blitt gjeldfritt, og huset er fullt av liv.

Tekst: SOLVEIG HELENE WARVIK GEITHUS

Naustdal kyrkjelydshus er blitt gjeldfritt før tida. Om siste tysdagen i mars er ein målestokk for aktiviteten i huset, er ikkje det rart. Siste tysdagen i mars fekk rundt 35 frammøtte, ivrige damer, i alderen 20-80 år frå Florø og Bygstad og fleire stadar mellom, med seg foredrag, aktivitet, kveldsmat og den gode praten. Initiativtakar Toril Midtbø innleia samlinga med blick til berekraftmåla og den alvorlege klimarapporten frå FN.

Styret for kyrkjelydshuset hadde tatt initiativ til arrangementet, og satsar på fleire slike samlingar.

– I haust har vi planer om fleire samlingar der deltakarane kan få idear til gjenbruk, og få høve til å lage egne produkt, fortel Toril Midtbø.

Evangeline Sessford, kalla Eva, er dagleg leiar for butikken Upscale på Sandane. Ho var invitert til å halde seminaret Medvite miljøengasjement gjennom samfunn, møte og kreativitet. Eva er frå Canada og har budd og studert mange stadar i verda, der ho har opplevd korleis



Evangeline Sessford, innehavar av butikken Upscale på Sandane, viser kva ein kan lage av ei barnestrompe.

klima påverkar folk. Gjennom doktorgradsstudium om klimaendringar, har ho fått stort engasjement for klimaspørsmå-

let og eit ønske om å påverke vanane til folk. Det er målet for arbeidet hennar i klesbransjen, med bruktbuikk, klesbonnement, kurs i sying og redesign, reparasjonskveldar og foredrag. I løpet av kvelden delte ho ulike idear til redesign, og tipsa om mobilappen Good on You, der ulike klesmerke er vurdert ut frå korleis dei jobbar med arbeidforholda i fabrikkane sine, og kva fokus dei har på klima og dyrevelferd.

Etter foredrag, gode tips og spørsmål frå salen, var det tid for handling! Med brukte strømpebukser, saks, nål og tråd, vart nye panneband til, under god rettleiing frå Upscale-Eva.

Mat på bordet vart det òg, med nydeleg brød og mykje godt pålegg. Mette og varme kunne dei frammøtte gå ut i den fine mars-kvelden.



Miljøengasjement på kyrkjelydshuset i Naustdal.



kse



bebukse.



Feiring av gjeldfritt kyrkjelydshus.

## Hurra - vi er gjeldfri!

I 2014 vart Naustdal kyrkjelydshus utvida med eit stort og godt påbygg. For å få til det vart det teke opp eit lån på 2 millionar med ein nedbetalingsplan på 18 år.

Tekst og foto:

JENNY ØDVEN SNILDAL

Lånet vart nedbetalt raskare enn nokon kunne tenkt på førehand. I koronatida var det eitt års avdragsfriheit, og likevel vart siste avdraget betalt i mars i år.

Å vere gjeldfri var ei storhending og det måtte feirast. Og kva var vel meir naturleg enn å legge feiringa til onsdagskafeen? Onsdagskafeen, med alle sine frivillige og trufaste kafégjester, har vore ein viktig bærebjelke i kyrkjelydshuset sin økonomi gjennom mange år.

Det er frivillighetens år i år, og styreleiar Einar Skudal trekte fram dei mange frivillige som på ulike måtar, på onsdagskafeen, ved minnesamvær, vedlikehaldsarbeid inne og ute, har vore med og lagt grunnlaget for ein god økonomi. Huset er og godt brukt av bygdefolket til feiringar som barnedåp, konfirmasjon og årsmølsdagar. I tillegg er det mange lag og organisasjonar som leiger huset til sine møter.



Dei frivillige slapp å bake denne gongen.

Feiringa vart lagt til siste onsdagen i mars, gratis kake og kaffi til alle. Kaker vart bestilt, ingen frivillige skulle bake denne dagen. Det var ein open invitasjon, alle som ville var velkomne. Om lag 90 menneske var innom dørene til kake og kaffi, ein god prat og noko som og var annonsert – åresal.

Siste onsdagen i månaden er det nemleg åresal på onsdagskafeen, noko kafégjestene set stor pris på. Slik vart det og denne dagen. Mange av dei trufaste gjestene og frivillige bidrog med fine gevinstar, og spenninga var stor då trekkinga kom i gang. Vinn eg noko i dag?

Stor takk til alle som var med og feira dagen saman med oss.



Først foredrag, deretter kreativitet.



Styret for kyrkjelydshuset hadde tatt initiativ til arrangementet, og satsar på fleire slike samlingar





*Klatring med tau krev samarbeid og sikring.*

# Hekta p

Nokre stader har fleire funksjonar. Kan eit klatresenter ha ein diakonal funksjon?

Tekst: HANNE SCHNITLER

Eg snik meg inn i Førde klatrehall. Eg kjenner meg absolutt ikkje i målgruppa. To damer spør meg om eg vil klatre. – Nei, svarar eg.

– Kva skal du då? – Eg lurar på om eg skal skrive om klatrehallen i Helg og Heim.

Først ser dei ut som nokre spørsmålsteikn.

– Temaet i bladet skal vere diakoni, og eg vil skrive om plassar der folk kan møtast på tvers av alder, og der nye lett kan bli kjent med andre, forklarar eg.

– Ein strålende idé, seier dei omtrent i kor. – Då er dette rette plassen! Vi er nemleg inkluderingsministrarar her, ler dei. – Rett nok sjølvopnemde. Men vi er opptatt av at alle skal trivast. Vi likar å ta kontakt med nye og hjelpe dei i gang.

Maria Ljungløf fortel at ho tok tok instruktørkurs etter at ho fylde 50. Men no er ho her for å klatre sjøl. Gunn Takset kjem frå Naustdal, og vil gjerne at fleire i godt vaksen alder skal bli med å klatre. – Her kan folk i alle aldrar prøve seg, seier ho. – Det er alltid nokon som vil hjelpe deg. Alle hjelper alle her.

– Det sosiale betyr mykje, seier Maria. – Det er lett å bli kjent med nye, folk hjelper kvarandre, og av og til blir det laga til sosiale kveldar. Eg har mellom anna feira bursdag her, seier ho.

Førde klatresenter held til i eit tidlegare industribygg i eit grustak på Vie. Sunnfjord Folkehøgskule hadde ein periode sandvolleyballbane i bygget, dei fekk laga til ein klatrevegg. No er all sanden ute, men klatreveggen står der. Førde klatresenter opna i desember 2020, midt i koronatida. Det vart ein utfordrande



# å klatring

start, men og kanskje noko av forklaringa på at dei legg så stor vekk på den sosiale delen.

## Møteplass

– Då vi bygde opp klatresenteret var det viktig at staden skulle fungere som ein møteplass, seier Torbjørn Wiken som er dagleg leiar. – Det skulle vere god plass til å setje seg ned og mingle. Vi fekk laga til kafé, buldreveggar og barnerom. Her kan familiar med små og store barn komme, og ein kan ha med seg besøkjande.

– Men må ein ikkje vere medlem for å komme hit?

– For å klatre kan ein vere medlem, eller kjøpe dagskort, men om ein ikkje vil klatre, treng ein ikkje betale. Ein kan komme innom og ta seg ein kopp kaffi om ein har lyst.

## Buldring er sosialt

– Buldring, det vil seie at ein klatrar utan tau og slepp seg ned, er i seg sjølv sosialt, seier Torbjørn. Vi set opp lette og vanskelege ruter om kvarandre, då kan ein nybyr-



Dagleg leiar Torbjørn Wiken meiner buldring er for alle.



Inkluderingsministrane Gunn Takset og Maria Ljunglöf

jar og ein med meir erfaring samarbeide. Ein klatrar ei lita stund, så set ein seg ned og diskuterer utfordringar og løysingar. Då er ein nøydd til å bli kjend med kvarandre. Torbjørn er blitt ivrig no. Det er tydeleg at det ligg ein filosofi bak dette.

– Om ein klatrar i eitt minutt og set seg ned og diskuterer i 6 minuttar, så er den samtalen ein like viktig del som klatringa.

– Mange tenkjer på klatring som ein aktivitet for vellukka atletar, kommenterer eg. – Er det plass til dei som ikkje er i toppform, har dårleg råd, eller kanskje kjenner seg utafør?

– Mange har nok eit einsidig syn på klatresporten. Du har dei som legg ut bilde på sosiale media der dei klatrar på toppen av vanskelege ruter. Men mange klatrarar er slike som lever enkelt, dei er oppslukt av klatresporten, og bryr seg ikkje om dyrt utstyr. Ein treng berre eit par klatresko, og ein treng ikkje vere i toppform.

– Tenk på barneidretten, der foreldra står på sidelinja og ser på barna som skal prestere! Her i klatrehallen kan vaksne og barn klatre i lag, dei kan finne løysingar saman, og kjenne meistring saman. Samhandling og meistring gir gode felles opplevingar, og dei aller fleste kan få til å

klatre. Ein kjenner på barnet i seg, det er balanse og kroppskontroll, leik og moro, og det er utfordringar i å prøve seg på ulike vanskegrad.


## Sosiale kveldar

– Vil du seie at det er greitt for nyttilflytta å komme hit?

– Vi som jobbar her prøver å vere merksame på nye og hjelpe dei i gang. Vi får tilbakemelding på at det er ei god tone her, og dei tilsette prøver å vere hyggjeleg mot alle. Vi er ein ung klubb, og dermed har vi ikkje med oss gamle vanar og historier. Dermed har det utvikla seg eit godt miljø, med folk i ulike aldrar, studentar, barnefamiliar og godt vaksne som trivst i lag. Vi lagar til nokre sosiale kveldar óg, gjerne med film eller foredrag. Boklanseering har vi hatt, og Naturvernforbundet lagde til klebytedag her i lokalet. Då var det fullt her!

Den dagen eg er innom, skin sola, og lokalet er nesten tomt. Men berre vent til ein regnversdag, då myldrar det i klatreveggen og rundt kaféborda.

Ikkje kan ein kalle det diakoni. Men det eg møtte her i Førde klatrehall, var eit fokus på mykje meir enn berre klatring.



# Trusopplæring

For oppdatert informasjon: Sjø heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

## STØRST AV ALT

Trusopplæring i Naustdal sokn:

### Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelydshus. Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre.

Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal være ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har gode matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe i tillegg.

**Kl. 10.30 til 12.30. Program frå 11.00 – ca. kl. 11.30**

Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt.

Datoar vert kunngjort på kyrkja si heimeside og på Facebook.



### Småbarnssong

Born i alderen 3-5 år er velkomne til 2 samlingar der vi syng songar med rørsle og leik. Vi avsluttar med Syng i lag gudsteneste **14. februar** kl. 16.00. Datoar for samlingane vert kunngjort på kyrkja si heimeside og på face-book.

**1 – 2 - 3.**

**Vil du vere med?**

**10. – 12. august** er det 1-2-3 dagar for deg som er 8 eller 9 år og som har god tid desse siste feriedagane før skulen startar. Kanskje er du lei av ferie og har lyst å treffe venner og finne på noko kjekt? Då er du velkomen til å vere med på 1-2-3 dagane. I 3 heile dagar vil vi forme, skape, lage, leike og undre oss. Brev med informasjon og brosjyre kjem i posten til dei som er født i 2013 og 2014.

*Naustdal kyrkjekontor*

Trusopplæring i Førde sokn:

**0 – 1 år:**

### Spiren/Babysong

**Kvar onsdag kl. 11.00** i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi. I år er det ikkje avklart kor lenge vi vil halde på utover sommaren. Kjem det flyktningar med små born, vil vi prøve å halde tilbodet ope så lenge som mogleg.

### 1-3 år: Vrimletid i Førde kyrkje

Småbarnsavdelingane i barnehagane i Førde vil få invitasjon til å kome i kyrkja for å vrimle. Dato er 1. juni.

### Vakuum-veka

**9. - 12. august**

Aktivitetsveke for dei frå 7-10 år. I år skal vi vere på Førde barneskule. 7-åringar vil få brev med invitasjon. Påmelding på [minkirkeside.no/sunnfjord](http://minkirkeside.no/sunnfjord).

### 4 årsbok

4. september er det utdeling av 4 årsboka i Førde kyrkje. Invitasjon kjem i posten.

### «Søndag for alle»

**11. september**

Vi startar opp att «Søndag for alle» til hausten med måltid, leik og gudsteneste for heile familien.

## KORSKULEN I FØRDE KYRKJE

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

**Knøttekor** (ca. 3,5 år til ca. 5 år) - kl. 17.20 – 18.00

**Aspirantkor** (ca. 5.5 år – 2. klasse) – kl. 18.05 – 18.50

**Jentekor** (3. klasse og oppover) – kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: [gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no](mailto:gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no), eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester: Knøttekoret kr. 150, Aspirant og Jentekoret kr. 200.

## DECIDING

### - Førde Ten Sing

Vi møtes i ungdomslokalet på Førde Kyrkjetun **kvar tysdag kl. 19.00.**

Deciding har medlemmer frå 14 år og oppover. Koret treng både songarar, musikarar og ungdom som er interessert i drama, dans og media. Vi legg opp til leik, moro, turrar og konsertar/framføring, der målsetjinga er å skape eit trygt og uformelt ungdomsmiljø, leia av ungdom, men med ein eller fleire vaksne til stades.

Deciding vil gjerne ha fleire medlemmer, så likar du leik og leven, song og musikk, så kom å bli med!

**Deciding skal ha konsert i Førde kyrkje 11.juni.**

*Grauminne  
finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60





Kyrkjerottene Fredo og Vesle på turné. Foto IKO

# Rotter i kyrkja

1. april kom to rotter og ei mus til Førde kyrkje. Og det var ikkje aprilsnar.

Tekst: Hanne Schnitler

5-åringane i Førde hadde fått invitasjon i posten. Og foreldre, sysken og andre interesserte kunne sjølvstakt vere med for å sjå dokketeateret «Kirkerottene og Lea mus» i Førde kyrkje.

Dei to rottene Vesle og Fredo bur bak orgelet i kyrkja. Denne gongen traff dei Lea mus som hadde gått seg bort frå mora og dei 25 syskena sine. Mange av barna kjente til Vesle og Fredo frå tidlegare, og det

var stor stas å få sitje heilt framme i kyrkja og sjå dei artige rottene, hjelpe dei med å leite etter Mamma mus, og etter sauene som hadde gått seg bort.

Kyrkjerottene Vesle og Fredo er ein viktig del av trusopplæringa. Dei har etterkvart blitt kjendisar og reiser på turné i kyrkjer landet rundt. I dette stykket var temaet den bortkomne sauene. Dokketeateret har laga fleire forestillingar, og kanskje kjem dei tilbake til Sunnfjord med nye fortellingar og nye sprell.

På nettsida [iko.no/kirkerottene](http://iko.no/kirkerottene) kan ein lese meir, sjå filmsnuttar, og bestille bøker og filmar om Vesle og Fredo, og på den måten få hjelp til å formidle bibelfortellingane til nysgjerrige barn.



Dokketeater er kjekt! Foto Hanne Schnitler

## Leirar sommar 2022 NMSU Bjørgvin

### Familieleir på Alværa 10. - 12. juni

For familiar, besteforeldre med barnebarn, tanter, onkler, syskenbarn osv. Vi har aktivitetar og opplegg som passar for store og små i saman.

### Sommarleir på Alværa 27. - 29. juni

For barn i 2.-7.klasse  
Moro, leik, aktivitetar, samlingar, misjon, tru, dele opplevingar!

For meir informasjon om oss, våre arrangement og påmelding, sjekk ut: [nmsu.no/kalender](http://nmsu.no/kalender)



## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380



## Velkomen til leirar på Nesholmen i 2022

Kanskje fristar ein barneleir eller aktivitetsleir eller kva med gamingleiren !!

Årets leirar vert arrangert på vakre Nesholmen leirstad i Hyen. Her har vi mange fasilitetar for å få ein flott leir og vi håper verkeleg at du kjem. Trykk på QR-koda her så kjem du til ei heimeside der all informasjon og påmeldingslinken ligger. VELKOMEN :-)



# AKTUELT I KYRKJELYDANE

## 10-kaffi

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.

**Siste samling før sommaren er onsdag 15. juni. Oppstart ved skulestart til hausten.**

## Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje **onsdagar kl. 19.00**. Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!



## Kyrkja i byen

**Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00** sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

## Kvinneweekend

«Mødre i Bønn» arrangerar kvinneweekend på Førde Gjestehus og Camping 23. - 25. september. For program og informasjon, ta kontakt med Ingunn Osen Lervik, tlf. 928 39 451.

## Friluftsgudstenester i sommar

Vil du feire gudsteneste ute i det fri?

**Søndag 12. juni** kl. 12.00 blir det Bygudsteneste ved Førde rådhus. Der blir det markering av Skaparverkets dag, og Deciding er med. Same tidspunkt er det friluftsgudsteneste på Vona innerst i Naustedalen. Dei tradisjonsrike stølmessene blir på Reinstølen i Haukedalen



Frå stølmessa på Reinstølen 2016. Foto Bodil Frøysland.

**17. juli**, og i Nordalen på Holsen **7. august**, begge stader kl. 12.00.

**Søndag 31. juli** kl. 11.00 er det felles Olsokgudsteneste på Sunnfjord Museum.

## Konsertar

**LAURDAG 11. JUNI**

Førde kyrkje: kl. 19.00 Konsert med Deciding

**FREDAG 8. JULI**

Førde kyrkje: kl. 21.00 Festivalkonsert med The Iberi Choir frå Georgia.

## «Vi syng ilag» - gudsteneste i Naustdal kyrkje

**FREDAG 3. JUNI KL 11.00.**

Etter 2 års pause gler vi oss over å kunne samlast til song-gudsteneste igjen. Samlinga har inga aldersgrense oppover eller nedover. Vi legg særleg tilrette for eldre som ikkje så ofte kjem seg til kyrkja, og

håpar at mange songglade finn vegen. Slik kan det bli god song i den flotte «katedralen». Vi leitar fram vårsongar og salmar som vi trur er kjende for mange. Etterpå har vi hyggeleg treff på kyrkjelydshuset med kaffi og noko atåt.

Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, Frivilligsentralen og Pensjonistlaget. Det blir transport frå Naustdal omsorgssenter.

## Alvæ rastemne søndag 19. juni

**ALVÆRA LEIRSTAD FEIRAR 40 ÅR!** Kl. 12.00 Gudsteneste. Frå kl. 13.30 Festmiddag og festmøte. Velkomen til ein festdag med godt program, god mat og sosialt fellesskap på Alværa. Påmelding innan 10. juni tlf. 489 90 661, alvera@nms.no.

# RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340


KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

57 72 41 40  
dampbakeriet.no



**Din nye bustad finn du hos oss!**

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!  
Du finn oss på Halbrendsøyra i Førde.

[www.gravdal.no](http://www.gravdal.no) - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

**Gravdal**gruppa  
Førde - Bergen



# Estland: Mens vi venter på stormen?

Kyrkjelydene våre har misjonsavtaler med Det Norske Misjonsselskap, og støtter m.a. to små kyrkjelyder i Estland. Korleis har dei det no?

Tekst: MAGNE MØLSTER, misjonær i Saku i Estland. Teksten er eit utdrag henta frå Estlandsblogg, og er difor på bokmål.

## Her i Saku forbereder vi oss

Per i dag har det kommet om lag 22 000 flyktninger til Estland, og tallene stiger fortsatt. Mange fraktes i busser og privatbiler til de store byene, der de blir plassert på hoteller eller passasjerbåter. Etter 30 dager utplasseres flyktningene i de forskjellige kommunene. Her i Saku forbereder vi oss.

Dersom ikke krigen får en snarlig slutt, kan det komme



flere hundre, ja kanskje 1000 flyktninger bare til Saku – hvor det bor drøyt 11 000 mennesker fra før av.

I likhet med mange andre menigheter og andre organisasjoner i Estland, har vi i vår menighet snakket om hva vi kan gjøre for å hjelpe flyktningene.

Men hvilke behov snakker vi om? Hva klarer stat og kommune selv å ta seg av, og hvor mye kan og skal vi i frivillig sektor bidra med? Det vil nok ta tid å organisere skole for alle barna som nå kommer, men

målet er å få det «på stell» fortrest mulig. Vi har sagt at vi gjerne stiller rommene i vår nye kirke til disposisjon, samt eventuelt noen frivillige. Det kan være snakk om familietreff på formiddagene, barnegruppe, sang eller skole. Selv om rommene i kjelleren av kirka ikke er ferdige, har vi nå brukstillatelse.

Vi har også tilbudt tøy, leker, skotøy og annet fra menighetens loppemarked. Dette loppemarkedet har vi nå stående permanent i Saku bedehus, våre tidligere lokaler.

## NMS-prosjekt

På NMS sitt initiativ er det startet opp en innsamling i samarbeid med den estiske evangelisk-lutherske kirken (EELK). Prosjektet kan støttes på [spleis.no/estland-ukrainahjelp](https://spleis.no/estland-ukrainahjelp). Dette er en innsamling til hjelp for ukrainske flyktninger i Estland.

## Diskusjoner i Estland

En krig hvor Estlands store nabo i øst er involvert, stresser esterne. Da vi var i butikken og handlet her om dagen, var flere hyller tomme (blant annet for mel). Mange estere tror at Putins mål er å erobre alle de land som tidligere hørte til Sovjetunionen. På den annen side møtte jeg noen finske misjonærer som følte seg tryggere

i Estland enn i Finland:

– Estland er i hvert fall medlem av NATO, sa disse.

Polariseringer i samfunnet har vi vært vant til her i Estland. Med en stor russisk minoritet (om lag 30 prosent), blir det ikke friksjonsfritt framover heller. Akkurat nå diskuteres det for eksempel om våpenlisensen bør fratas alle russiske statsborgere i Estland.

En del russisktalende i Estland støtter Putin, særlig blant dem med russisk statsborgerskap. Jeg tror likevel at mange av dem er imot krigen, og heller vil bo i Estland enn i et stor-Russland. I alle fall er det lite offentlig støtte til krigen å se i mediene.

## Tar ordet mot patriarken i Moskva

En positiv overraskelse var at den estiske metropolitten i den russisk-ortodokse kirke, Eugeni, var modig nok til å ta ordet mot sin egen patriark i Moskva – Kyrill. Sammen med mange andre kirkeledere i Estland skrev han under på en fellesuttalelse der det blant annet sies:

«Som leder i forskjellige kirker oppfordrer vi til å avslutte krigshandlingene og vende oss mot Kristi bud om å elske hverandre, å be om tilgivelse for den forferdelige urettferdigheten som er blitt gjort, og gjøre godt igjen det som er mulig.»

Takk for at dere er med i bønn for Estland, for flyktningane og for fred!

# GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!

Følg med i Firda og [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no), eller kontakt kyrkjekontoret.

## TORS DAG 2. JUNI

Holsen kyrkje kl. 17.00 Musikkandakt

i Sunnfjord deltek.

## FREDAG 3. JUNI

Naustdal kyrkje kl. 11.00 «Vi syng ilag»-gudsteneste

## FREDAG 24. JUNI

Haukedalen kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

## SØNDAG 26. JUNI

Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 21. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Oppstartsgudsteneste for hausten. Bli kjend i Førde kyrkje.  
Naustdal kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

## 1. PINSEDAG 5. JUNI

Førde kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste  
Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

## SØNDAG 3. JULI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 19.00 Kveldsgudsteneste

## TORS DAG 25. AUGUST

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

## 2. PINSEDAG 6. JUNI

Vevring kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

## SØNDAG 10. JULI

Førde kyrkje kl. 11.00 Festivalgudsteneste

## SØNDAG 28. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Presentasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Presentasjonsgudsteneste  
Holsen kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 12. JUNI

Naustdal kyrkje kl. 12.00 Friluftsgudsteneste på Vona  
Førde kl. 12.00 Bygudsteneste ved Rådhuset

## SØNDAG 17. JULI

Førde kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste  
Haukedalen kl. 12.00 Stølsmesse  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 4. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Barnegudsteneste, utdeling av bok til fireåringane

## SØNDAG 19. JUNI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 24. JULI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 11. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## TORS DAG 23. JUNI

Førde kyrkje kl. 18.00 Ordinasjonsgudsteneste. Biskopen i Bjørgvin og prosten

## SØNDAG 31. JULI

Sunnfjord Museum kl. 11.00 Felles gudsteneste i Movika

## SØNDAG 18. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 7. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Holsen kl. 12.00 Stølsmesse  
Friluftsgudsteneste

## SØNDAG 14. AUGUST

Førde kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## KYRKJESKYSS

### TIL FØRDE KYRKJE

Det er ikkje sett opp fast kyrkjeskys i sommar.

Treng du skys for å komme deg til kyrkje, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret måndag til fredag, tlf. 57 82 81 80.

Kan du tenkje deg å stille som sjåfør? Ta kontakt med diakon Anita Øvreås Rusken, tlf. 900 68 514.

ALT I ● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport  
**INTERSPORT**  
Førde

**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

**Førde Fargehandel** %s  
TLF. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

**arnes**  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde

**Astrid**  
Blomster

Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
astrid.blomster@interflora.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946  
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no  
reiakvam.no

Gode tilbud på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**\*\*\*  
www.brufliis.no tlf. 90 61 96 54





## DØYPTE

### FØRDE KYRKJE

27. FEBRUAR

Olivia Knapstad Rand  
Maja Melheim Tvinde  
Sophia Helen Hansen  
Pedersen

Iben Gjertsen-Haraldsen  
Vilde Lerheim Aasen  
Eli Gjertsen-Haraldsen  
Mie Hårklau Austrheim

6. MARS

Adrian Sviggum Eide

13. MARS

Filippa Taskila Lundh  
Georg Marskar-Strønen  
Syver Bratten Bortne  
Sanna Farsund Sydberger  
Leah Alværen Totland  
Ella Bruland Nygård

20. MARS

Oskar Hugøy  
Maja Solvik Sunde  
Sofia Frøystad-Ytredal

9. APRIL

Larina Frøysland Hoti  
Isabel Lykke Høgelid  
Digernes  
Thea Kirkebø Aamot

Sølve Steine Risnes  
Lian-Valentin Villarroel  
Skarbø

17. APRIL

Ebbe Lodden Hoti  
Gregers Husetuft  
Dvergsdal  
Edvard Husetuft  
Dvergsdal  
Oline Olson Kvellestad

24. APRIL

Sara Aamot Holsæter  
Jenny Dvergsdal Aase  
Johannes Aam  
Bringeland  
Even Leknes Raftevold

20. MARS

Jenny Marie Erchinger  
Botnevik  
*Døyppt i Herdla kyrkje*

14. APRIL

Mia Helgås Heggheim  
*Døyppt i Innvik kyrkje*

27. MARS

Elias Hansen Viken  
*Døyppt i Myre kirke*

27. FEBRUAR

Simen Øksenberg Nilsen  
*Døyppt i Sande kyrkje*

20. MARS

Olav Kvamen Høgseth

3. APRIL

Oliver Følling  
*Døyppt i Viksdalen kyrkje*

10. APRIL

Aria Landøy Isene  
*Døyppt i Værlandet  
bedehuskapell*

NAUSTDAL KYRKJE

20. MARS

Haakon Åsnes Røyrvik  
Emil Dvergsdal Apalseth

10. APRIL

Leander Horne Tonheim

17. APRIL

Ciena Myrvang  
Julian Ask Sæbø  
Eili Louise Skansberg Olsen

VEVRING KYRKJE

27. MARS

Olava Dvergsdal Fitje  
Livius Dvergsdal Fitje

## GRAVFERD

### NAUSTAL KYRKJE

01.03.2022 Magnhild Holmeset f. 1946  
24.03.2022 Inge Eiksund f. 1921  
25.03.2022 Karl Per Fimland f. 1927

### VEVRING KYRKJE

18.03 Ludvik Løvik f. 1932

### FØRDE KYRKJE

10.03.2022 Lilly Ekroll f. 1936  
15.03.2022 Astrid Johanne Hals f. 1964  
22.03.2022 Knut Hallset f. 1924  
29.03.2022 Asbjørn Flaten f. 1934  
07.04.2022 Kari Igland f. 1943  
12.04.2022 Asgeir Bell Fossen f. 1957  
13.04.2022 Mildrid Oddrun  
Benjaminsen f. 1932  
22.04.2022 Kjell Rivedal f. 1939  
03.05.2022 Odne Johan Kvamme f. 1961

### HAUKEDALEN KYRKJE

11.03.2022 Kjellaug Gjerland f. 1931



**ARKI**  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: arki.no



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL




**Velkomen til oss!**

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE



Fire spente gutar er klar til innsamling for Kirkens Nødhjelp: Frå venstre Elias Myrland, Liam Undeland, Sivert Grane og Johan Sægrov.



Anette Slåtten Ulltang (til høgre i bildet), Martine Vik og Mari Gronli leverer bøsser for opptelling. Dei syntes det var kjekt å vere bøsseberar.

# Fasteaksjonen 2022

Endeleg kunne konfirmantane gå rundt med bøsser, etter to år med digital innsamling. Stor gjevarglede ga rekordresultat!

«Håp i ein dråpe vatn» var mottoet for årets innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp. Fokus i år var å gje reint vatn med fokus på Malawi, som tidlegare i år vart ramma av flaum. Det øydela drikkevannet man-

ge stader i landet. Akutt nødhjelp til flyktingar frå Ukraina var óg eit innsamlingsmål.

Laurdagen før aksjonen hadde konfirmantane i Førde fått grundig innføring i kva pengane går til og korleis Kirkens Nødhjelp jobbar.

Konfirmantane var motivererte for å gjere ein innsats, men spente på kva dei kunne møte når dei skulle ringe på hos framande. Foreldre hadde bakt bollar, og stilte opp for å køyre. Etter innsamlingsrunda vart konfirmantane tatt i mot på

Førde kyrkjetun for innlevering av bøsser. Der venta bollar og saft. Både ungdommar og vaksne hadde lyst til å fortelje korleis det hadde gått. Om nokon grudde seg til å ringe på hos framande, snudde det fort. Mange opplevde at folk var hyggjelege og hadde pengane klar, og gjevarglede var stor. Mange har ikkje lenger kontantar, men dei fleste vippsa mens dei sto der. Dei møtte nok ein og annan som ikkje var interessert, men ingen hadde hatt dårlege opplevingar på runden. Dei fekk oppleve gjevarglede,

og vere med på ein aksjon som nyttar.

I Naustdal og Vevring kom det inn kr. 48 797,-.

I Holsen & Haukedalen kr. 7.358,-.

I Førde kr. 169.343,- (inkluderar basar, kyrkjeoffer og andre vippsinnbetalingar)

Kyrkjekontora takkar bøsseberarar, sjåførar og alle som ga eit bidrag til fasteaksjonen.



## Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Ví leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)